



GAV ALT

Dei 13 medlemmane i Uhørt gav alt og var samkøyrde både i song og dans. Bak f.v.: Mia Henriksen, Emilie Sæter, Vildre Søvik Dyrkorn, Thea Risbakk-Solheim, Alice Sylvestersen, Sander Engstrøm Waage og Noah Nogva. I fremste rekke f.v.: Ida Søvik Dyrkorn, Amanda Victoria Hurlen-Humberset, Julianne Rose Mil Husby, Sigrid Fjærtøft, Martine Valde og Magdalena Kucharska. Foto: Hilde Beate Ellingsæter

Løfta fram kvarandre

Det vart ein fin miks av tøff lyd, «spoky lysefektar, skumle kostymer og magisk song» då Uhørt hadde konsert på ID-huset søndag kveld.

Dei 13 medlemmane i Uhørt gjorde det igjen. Dei strålte på scenen og baud verkeleg på seg sjølve både når det gjaldt song og dans. Det er ikkje vanskeleg å skjønne at her ligg det mange, mange timars øving og terping bak.

Halloween

Konserten søndag kveld hadde fått namnet «The dark side of Uhørt» med Halloween som tema. Og då handla det naturleg nok om monster, spøkelse og grufulle ting.

Med «A kind of magic» som opningslåt var stemninga sett, og det var berre å lena seg tilbake og nyte showet til den lokale song- og dansegruppa i alderen frå 7. klasse og opp til 20 år.

I Uhørt jobbar vi med det å stole på oss sjølve og det å tørre å stå på ei scene. Og vi skal stole på stemmen vår, sa Turid Skjelten, som er musikalsk leiar, motivator og coach for ungdomsgruppa.

Det gjorde ungdommane til gangs, og i tillegg løfta dei fram kvarandre

Mange nye

Sjølvt om det har vore stor utskifting i Uhørt siste året, med heile sju nye, let vi oss imponere over kor uredde og scenevande alle verka.



ERFARING Julianne Rose Mil Husby er blant dei med lengst erfaring i Uhørt for tida. Ho var dyktig solist på mange av framføringane.



NY Vilde Søvik Dyrkorn er blant dei nye i Uhørt som gjorde ein flott innsats både med song og dans.

Vi traff nokre av medlemmene etter konserten og lurte på korleis dei opplevde å stå på scenen denne kvelden.

Nervepirrande, svarer Alice Sylvestersen som har vore med i Uhørt i to år.

Det var spennande, seier Magdalena Kucharska. Ho er blant dei som har vore med lengst i Uhørt og syntes ikkje det var så veldig skummelt.

Akkurat i det du kjem inn på scenen er det litt skummelt, men seinare så kjenner du at dette er normalt så då går det heilt fint, seier Noah Longva, ein av dei med flest soloinnslag og ei kraftfull og flott stemme.

Ungdommane fortel at dei har øvd i nesten eit år på det dei framførte på konserten, og no kjennest det godt at det gjekk

så bra. Til og med meirsmak har det gitt.

Spesielt år

Turid Skjelten kunne fortelje at 2020 har vore eit tøft og spesielt år for ungdomsgruppa etter at landet gjekk i lockdown 12. mars.

I vår hadde vi digitale øvingar på Zoom og var veldig glade når vi endeleg kunne kome tilbake igjen hit og øve. No er vi litt spent på korleis det går, men vi satsar på at det går bra, seier Skjelten.

Ho nytta også sjansen til å fri til potensielle nye medlemmar i danse- og vokalgruppa, som over tysdagar på ID-huset.

Sjølvt om her var mange flotte vokalstemmer, nokre kunne nok gjerne melde seg på både The Voice og Idol, var det kor-



FELLES

Noah Nongva (t.v.), Sigrid Fjærtøft, Thea Risbakk-Solheim og Julianne Rose Mil Husby var solistar i mange av innslaga, her i felles song. Koristar bak er Magdalena Kucharska og Turid Skjelten.

songen som gjorde at vi gjekk frysningar nedover ryggen.

Det let så vakkert at ein, med eit salig smil om munnen, nesten gjekk inn i eiga draumeverld.

Vi må også nemne dei proffe og trufaste musikanane til Uhørt som i stor grad var med på å gjere konserten til den opplevinga det var.

Korona-redde

113 betalende publikummarar, i hovudsak foreldre, søsken og besteforeldre, hadde møtt opp

for å få med seg konserten. Av desse var det nok mange som både var rørt og stolte av det deira unge håpefulle våga på scenen.

Tidlegare har det vore fleire til stades på Uhørt sine konsertar, men mange er nok litt ekstra forsiktige for tida etter at regjeringa kom med innskjerpa koronarestriksjonar, grunna auka smittefare, før helga.

HILDE BEATE ELLINGSÆTER
hilde@nordnett.no